



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/630-2

Sakshandsamar: Olav Bjørn
Bakken

Saksgang

Utval

Møtedato

Saksnummer

Formannskap
Kommunestyre

Revisjon av eigarstrategi VTK Holding

Saksframlegg godkjent 02.05.2025.

Tone Lunde Skaalen

kst. kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Eigarstrategi VTK med avtalte endringar etter eigarmøte 27.1.2025 og arbeid i valnemnda.docx

Bakgrunn for saka

Etter ny kommunelov § 26-1, skal kommunen minst éin gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Denne er ein overordna melding med prinsipp for eigarstyring som gjeld for kommunens eigarskap i alle verksemdar og selskap.

Saksutgreiing

I tillegg til den generelle eigarskapsmeldinga kan kommunen ha særskilt eigarstrategi for einskildbedrifter, slik ein har valt for VTK.

Då kommunestyra som eigarar av VTK handsama tilsvarande eigarstrategi for VTK i 2018, vart det vedteke å rullere eigarstrategien ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Førre revisjon i 2023 kom ikkje ut med likt vedtak i kommunestyra, då Kviteseid kommunestyre ikkje slutta seg til strategien slik den då låg føre.

Vedlagte utkast til justert eigarstrategi har vore til handsaming i eigarmøte for Vest-Telemark kraftlag Holding 27. januar 2025. Der møtte styret, administrativ leiing av selskapet og ordførarane i kommunane.

Sakshandsamar kan ikkje sjå at det er gjort vesentlege endringar frå gjeldande eigarstrategi vedteke 9.mai 2023 av førre kommunestyre. Ei mindre endring er at dagleg leiar av Vest-Telemarkrådet har teke over som sekretær for valnemnda som skal føreslå nytt styre. I førre strategi var leiar av rådmannsutvalet sekretær for valnemnda.

Dokumentet har fått oppdaterte opplysningar om selskapet. Eigarstrategien er elles tilpassa styrande organ sin praktisering av *Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse* (NUES) og KS sine tilrådingar for eigarstyring og selskapsleiing.

Vurdering

Fram til rundt år 2000 var eigarstyringa av VTK typisk:

1. Leverer sikker straum til abonnentane
2. Leverer rimeleg straum til abonnentane.

Med ny energilov frå tidleg 90-talet vart det meir fokus på utbytte, og no er dei gjeldande styringssignal som ligg i eigarskapsstrategien:

- Utbytte på 60 % av overskotet etter skatt over tid – effektiv drift
- selskapet skal utvikle seg – fylgje med i tida, men på forretningsmessige vilkår
- sikker straumforsyning gjort på ein optimal måte i høve til den til ei kvar tid gjeldande inntektsrammeregulering.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek eigarstrategien slik den ligg føre.

Kommunedirektørens tilråding

Kommunestyret godkjenner vedlagde eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag Holding.

Eigarstrategien blir revidert i løpet av neste kommunestyreperiode.